



# Miljøløftet

## NOTAT

Til: Styringsgruppen  
Fra: Vestland fylkeskommune  
Kopi:

Saksbehandler/telefon:  
Torill Klinker / 90899261  
Vår dato: 13.11.2025

## Sak 70/25 Sluttrapport for Bybanen byggetrinn 4 og sykkelstamveg delstrekning 5

### Bakgrunn

Bybanen byggetrinn 4 (Kaigaten–Fyllingsdalen) og tilhørende sykkelstamveg er nå ferdigstilt. Prosjektet har vore omfattande og komplekst, og sluttrapporten oppsummerer gjennomføring, måloppnåing, økonomi og erfaringar. Vedlagt sluttrapport vart lagt fram for hovudutval for samferdsle og mobilitet den 18.11.2025.

### Hovudpunkt frå sluttrapporten

#### Prosjektomfang

- 10 km ny bybanetrasé, inkludert 4,5 km tunnel.
- 9,8 km ny sykkelstamveg, inkludert gang- og sykkel tunnel gjennom Løvestakken.
- 8 nye haldeplassar og fleire tekniske konstruksjonar (bru, kulvert, vannkanal).

#### Måloppnåing

- Samfunns mål: Bidrag til nullvekst i biltrafikk og auke i kollektivreiser og sykling.
- Effektmål: Linje 2 har hatt sterk vekst i passasjertal (opp mot 20 000 daglege påstigingar i 2023).
- Resultatmål: Prosjektet er levert med høg teknisk kvalitet, men med overskridingar i kostnad og tid.

#### Økonomi

- Sluttkostnad for Bybanen: 10 992 mill. kr (8,6 % over styringsmål).
- Sykkelstamveg: 1 301 mill. kr (162 mill. kr over styringsmål).
- Overskridingar knytt til umodne reguleringsplanar og felleskostnader.

#### Framdrift

- Bybanen opna 21. november 2022.
- Sykkeltunnelen opna 15. april 2023.
- Prosjektet har prioritert framdrift, men dette har gått ut over manglande modning av løysingar, kvalitet i underlag og dokumentasjon.

### HMS og kvalitet

- H1-verdi: 5,0. H2-verdi: 25,2.
- Kjeldesortering: 95,2 %. Seks kontraktar CEEQUAL-sertifisert.
- Kvalitetsstyring har vore mangelfull i tidleg fase, med manuelle system og svak dokumentasjon.

### Organisering og styring

Prosjektet har hatt stor organisatorisk friheit, men mangla felles prosjektstyringsystem. Prosjekteringsleiinga var underdimensjonert og ikkje tilstrekkeleg integrert i leiinga. Etatssamarbeid og eigarstyring har vore uklart og ført til ekstraarbeid og kostnadsauke.

### Erfaringar og anbefalingar

- Evaluering frå Menon Economics peiker på behov for betre styring, tydelegare rollefordeling og profesjonalisering av grensesnitt mot infrastruktureigarar.
- Det er behov for å etablere klare etatsavtalar og styringsstruktur før neste byggetrinn.

Erfaringane frå byggetrinn 4 er viktige i etableringa og førebuinga av kommande byggetrinn for bybanen. Derfor har Vestland fylke ved Bybanen Utbygging starta eit systematisk arbeid for å betra etterleving, styring og kontroll av alle forhold som er naudsynt for styring av komande byggetrinn. Spesielt prosjektstyring og kontraktsstrategi er to område som må evaluerast i førebuing av eit nytt byggetrinn. Innan prosjektstyring vil fagområde som økonomi-, framdrift- og usikkerheitsstyring bli tydeleggjort, medan innan kontraktsstrategi vil ein sjå på om andre kontraktsformer og samansetningar av innhaldet i kontraktane kan auka effektivitet og kvalitet på sluttproduktet.

### Forslag til konklusjon

Prioriteringsrådet tek saka til orientering.

Saka vert lagt fram for styringsgruppa for endeleg vedtak.